

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 17.11.2009
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 26.09.09 - 15.11.09**

Styresak 106/09 O
Administrerende direktør si orientering pkt 9

Styremøte 02.12. 2009

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 26.09.09 – 15.11.09
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

| Tilsynsmyndigheit | Dato for brev | Kva saka gjeld | Kommentarar/status |
|----------------------------|---------------|--|---|
| Riksrevisjonen | 12.11.09 | Oversending av Dokument 3:3 (2209-2010) Riksrevisjonen si undersøking av økonomistyring i helseføretaka. | Sjå omtale under administrerende direktør si orientering. |
| | 13.11.09 | Oversending av Dokument 3:2 (2209-2010) Riksrevisjonen si kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2008. | Sjå omtale under administrerende direktør si orientering. |
| | | | |
| Statens helsetilsyn | 25.06.09 | Statens helsetilsyn informerar i brevet om gjennomføring av ein nasjonal kartlegging av bemanning og kompetanse i bilambulansenesta sommaren 2009. | |
| | 23.09.09 | Oppsummeringsrapport. Statens helsetilsyn fann at kvar fjerde ambulansett ikkje var bemanna i samsvar med dei kompetansekrav som går fram av § 17 i forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Statens Helsetilsyn ser på dei bemannings- og kompetansekrav som følgjer av nemnde føresegner som absolutte minimumskrav frå 1. april 2010. Tilsynet legg til grunn at helseføretaka fram til overgangsordningane blir avvikla 1. april 2010 arbeidar systematisk og målretta for å ivareta krava. | |
| | 23.10.09 | Statens helsetilsyn har ved brev av 10.10.09 frå Statens autorisasjonskontor for helsepersonell (SAFH) blitt gjort merksam på | |

| | | | |
|--|--|--|---|
| | | at i alt 384 ambulansesarbeidarar som fikk midlertidig lisens etter overgangsordninga, ikkje lenger har gyldig lisens. I følge SAFH har dei heller ikkje søkt om slik autorisasjon. Dette inneberer at dei ikkje lenger kan titulere seg og arbeide som ambulansesarbeidarar. Helsetilsynet legg til grunn at helseføretaka følgjer dette opp som ledd i arbeidet med å sikre at ambulansetenesta oppfyller gjeldande myndigheitskrav til bemanning og kompetanse i ambulansetenesta. | |
| | 10.07.09 | Tilsynssak – korridorsenger i Psykiatrisk klinikk, Psykiatrisk divisjon, Helse Bergen. I brevet ber helsetilsynet om å få opplyst kva Helse Vest RHF gjer for å sørge for forsvarlege helsetenester til pasientar innlagt i akuttpostar/kortidsavdelingar i Psykiatrisk klinikk. Helsetilsynet slår fast at det, med unntak av tidsrommet 1. oktober 2007 – september 2008, frå 1999 og fram til dags dato nærast har vore kontinuerleg bruk av korridorsengar i desse einingane. Dette er ikkje i samsvar med krava til forsvarleg verksemd. Frist for svar er sett til 21. august 2009.09.26 Svarbrev lagt fram for styret i styremøte 02.09.09, jf. sak 083/09 B. | |
| | 01.10.09 | Helsetilsynet viser til orienteringar som er gitt og tar opplysingane til orientering. Inntil vidare vil Helsetilsynet følgje med på dei månadlege rapporteringane frå helseføretaket for å sjå om tiltak som blir gjennomførte fører til endring slik at praksisen med korridorsenger i akutt-/korttidspostane blir avvikla og at dette vedvarar. | |
| Lotteri- og stiftelsestilsynet | 07.10.09 | Stiftelsestilsynet viser til at Helse- og omsorgsdepartementet gjennom dei siste år har bedt om at dei regionale helseføretaka grip fatt i problemstillingar kring retningslinjer for helseføretaka sitt engasjement i stiftingar. Stiftelsestilsynet ber om å få tilsendt oversikt over alle stiftingar og på kva tiltak som blir sett i verk for å sikre habilitet i framtidige styresaker. Det blir også bedt om at det blir gjort greie for kva tiltak som blir sett i verk for å reparere eventuelle tidlegare inhabile vedtak. | Svarfrist 01.11.09. Helse Vest har i brev av 30.10.09 gjort greie for status i arbeidet kring helseføretaka sitt engasjement i stiftingar. Det er vidare meddelt at vi vil kome attende med ei supplerande rapportering når helseføretaka i løpet av hausten 2009 har fått sluttført sine gjennomgangar. |
| Arbeidstilsynet | Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden. | | |
| Datatilsynet | Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden. | | |
| Klagenemnda for offentlige anskaffingar | Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda. | | |
| Sivilombudsm. | 08.09.09 | Ombodsmannen har motteke klage i sak om tilsetjing av ny eigardirektør i Helse Vest og ber om oversening av alle relevante dokument i saka. | Svarfrist en uke. Svar sendt 18.09.09. Etter gjennomgang av innsendt dokumentasjon |

| | | | |
|--|--|--|--|
| | | | uttalar Sivilombodsmannen i brev av 22.10.09 at ein ikkje har funne grunn til å gjere ytterlegare undersøkingar i saka, og at denne blir rekna som avslutta. |
|--|--|--|--|

Del 2

| Tilsynsmyndigheit | Dato for brev | Kva saka gjeld | Kommentarar/status |
|----------------------------|---------------|--|--------------------|
| Riksrevisjonen | 30.09.09 | Hovudanalyse retta mot eigedomsforvaltning av sjukehusbygg. Orientering av at Riksrevisjonen har valt ut prosjektet "Nytt akuttmottak i Helse Stavanger HF". Helseføretaket blir bedt om å sende inn aktuell dokumentasjon. Det vil på eit seinare tidspunkt bli gjennomført intervju med aktuelle personar. | |
| | 12.10.09 | Hovudanalyse retta mot eigedomsforvaltning av sjukehusbygg. Orientering av at Riksrevisjonen har valt ut prosjektet "Kronstad DPS". | |
| Statens helsetilsyn | 25.02.09 | Melding om tilsyn med Sola DPS 20.-21. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med <ul style="list-style-type: none"> - vurdering og prioritering av nye pasientar - utgreiing - behandling og oppfølging | |
| | 09.06.09 | Rapport frå tilsynet med Sola DPS. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik: <ul style="list-style-type: none"> • Praksis på å avvise og gi avslag på søknadar til poliklinikk og sengepostar samsvarar ikkje alltid med føresegnene i lov om pasientrettar. • Sola DPS har ikkje tilstrekkeleg styring med den utgreiing og behandling som skjer ved poliklinikken. • Journalane ved Sola DPS inneheld ikkje alltid nødvendige og tilstrekkelege opplysingar. <p>Helse Stavanger er gitt frist til 1. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p> | |
| | 12.11.09 | Helsetilsynet viser til at Helse Stavanger har gitt tilbakemelding i brev av 3. september 2009 der det blir skissert kva tiltak som blir sett i verk for å rette på dei avvik som blei påpeikt under tilsynet. Helsetilsynet vurderar tiltaka som er skissert som adekvate og tilstrekkelege og konkluderar med at avviket er lukka. | |
| | 26.02.09 | Melding om tilsyn med Ryfylke DPS 22.-23. april 2009. Tilsynet omfattar rutinar og tiltak for å sikre forsvarleg pasientbehandling i samband med <ul style="list-style-type: none"> - vurdering og prioritering av nye pasientar - utgreiing - behandling og oppfølging | |
| | 16.06.09 | Rapport frå tilsynet med Ryfylke DPS. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik: <ul style="list-style-type: none"> • Ryfylke DPS har ikkje sørga for tilstrekkeleg spesialistkompetanse. • Alle prosedyrar er ikkje kjent for alle tilsette. | |

| | | |
|--|----------|--|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • Det blir ikkje skrive journal(notat) av behandlar (lege eller psykolog) på alle pasientar som blir lagt inn ved sengeposten. <p>Helse Stavanger er gitt frist til 10. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p> |
| | 28.04.09 | <p>Rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk 19. – 20. mars 2009. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje lagt til rette for at tilvisingar alltid blir vurderte og at pasientane får informasjon om utfallet av vurderinga i samsvar med krav i pasientlova og spesialisthelsetenestelova. • Ein sikrar ikkje at alle pasientar med rett til nødvendig helsehjelp får behandling innan den tid som er vurdert som fagleg forsvarleg. • Ventelister inneheld ikkje opplysingar som er nødvendige for oversikt og styring av aktivitet. <p>Helse Fonna er gitt frist til 15. juni 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika. Rapport sendt til Helsetilsynet 12. juni 2009.</p> |
| | 05.06.09 | <p>Melding om tilsyn med handtering av avvik ved Stavanger Universitetssjukehus, intensiv avdelinga, post IH, torsdag 24. og fredag 25. september 2009. Tema for tilsynet er avvikshandtering relatert til levering av helsetenester.</p> |
| | 27.10.09 | <p>Oversending av endeleg rapport. Ved tilsynet blei det avdekket eit avvik: SUS sikrar ikkje at alle delar av systemet for handtering av avvik fungerer som føresett. Helse Stavanger er gitt frist til 1. januar 2010 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avviket.</p> |
| | 12.06.09 | <p>Rapport frå tilsyn med Øyane DPS 12. og 13. mai 2009. Ved tilsynet blei det påpeikt fire avvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Øyane DPS manglar tilstrekkeleg medisinsk/psykiatrisk kompetanse • Fleire pasientar ved Øyane DPS får ikkje forsvarleg utgreiing og behandling. • Ansvar som ligg til leiar av poliklinikk (seksjonsleiar) og seksjonsleiar for rehabiliteringsteamet blir oppfatta forskjellig av fleire tilsette. • Praksis med å gi avslag på søknadar samsvarer ikkje alltid med føresegnene i lov om pasientrettar. <p>Helse Bergen er gitt frist til 1. september 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p> |
| | 17.07.09 | <p>Helse Førde HF. Bemanning og kompetanse i ambulansetenesta – pålegg om rapportering. Med bakgrunn i Helse Førde sine svar i kartleggingsundersøkinga sommaren 2009 samt tidlegare opplysingar helsetilsynet har motteke om bemannings- og kompetanseproblem ved ambulansetenesta i Helse Førde, er det uklart for Statens helsetilsyn om tenesta blir drive forsvarleg. Statens helsetilsyn har derfor funnet det nødvendig å pålegge Helse Førde å rapportere kvar veke om ambulanseressursar, kompetanse og bemanning.</p> |
| | 30.07.09 | <p>Helsetilsynet viser til Helse Førde si orientering i innsende dokument og sett til side pålegget om rapportering kvar veke.</p> |

| | | |
|--|----------|--|
| | | Det blir samtidig bedt om ny rapportering innan 1. oktober 2009. |
| | 09.09.09 | Melding om tilsyn med Helse Stavanger HF, Stavanger Universitetssjukehus 23. og 24. november 2009 – rehabilitering av pasientar med hjerneslag. |
| | 14.09.09 | Helsetilsynet i Hordaland gjennomførte hausten 2008 eit tilsyn ved Åstveit Helsesenter AS. I brev av 26.08.09 har dagleg leiar opplyst at alle tiltak framleis ikkje fungerer som dei skal. Helsetilsynet ber om at det innan 30.12.09 blir oversendt opplysingar om korleis tiltaka fungerer og leiinga si vurdering av om styringssystemet er tilstrekkeleg til å førebygge og om nødvendig fange opp svikt. |
| | 21.09.09 | Helsetilsynet gjennomførte hausten 2008 eit tilsyn ved Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter. Det har i lang tid vore arbeidd med å lukka dei avvik som blei påpeikt. Innan 01.12.09 ber Helsetilsynet om å få ei orientering om og evaluering av rutine for å gjere medisinsk faglege vurderingar og sende sluttrapport/epikrise til fastlege. Det blir også bedt om ei orientering om og evaluering av rutine for journalføring. |
| | 21.09.09 | Melding om tilsyn med bruk av kontrolltiltak ved opphald i rusinstitusjonar. Frelsesarmeens Behandlingscenter 17. november 2009. |
| | 23.09.09 | Rapport frå tilsyn med Kronstad DPS, Helse Bergen HF 25. og 26.08.09. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik <ul style="list-style-type: none"> • Årstad allmennpsykiatriske poliklinikk, Kronstad DPS har for få legar/psykiatere. • Nytilsette ved Årstad allmennpsykiatriske poliklinikk, Kronstad DPS får ikkje alltid ein systematisk opplæring om lovverk og interne prosedyrar. <p>Helse Bergen er gitt frist til 1. desember 2009 med å gi melding om kva tiltak som blir sette i verk for å rette avvika.</p> |
| | 02.10.09 | Helsetilsynet viser til tidlegare tilsynssak ved Voss Rehabiliteringssenter. I brevet blir det uttala at tilsynet har tillit til at rehabiliteringssenteret vil følgje med på at dei tiltak som er sett i verk blir oppretthaldne og at det i samband med regelmessig gjennomgang av drifta blir vurdert om rutine er gode nok eller om det er ytterlegare behov for forbetring. Tilsynet er med det avslutta. |
| | 30.10.09 | Melding om tilsyn med Askøy Blå Kors Klinikk 17. desember 2009. Tilsynet omfattar ordningar og tiltak for å sikre eit forsvarleg behandlingstilbod og ivaretaking av rettstryggleiken til pasientane ved bruk av inngripande tiltak. |
| | 31.10.09 | Oversending av rapportar frå tilsyn med rehabilitering av pasientar med hjerneslag ved Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk, Stord sjukehus og Haugesund sjukehus. Det blei ikkje påpeikt avvik ved tilsyna. |
| | 05.11.09 | Tilsyn med behandling av legemidlar utan eige samtykke ved Stavanger universitetssjukehus, Psykiatrisk divisjon A2. ved tilsynet blei det påpeikt 2 avvik. Med bakgrunn i helseføretaket si tilbakemelding og gjennomgang av enkelte spørsmål med Helsedirektoratet finner Helsetilsynet ikkje grunn til å følgje opp dette avviket ytterlegare, og tilsynet er med det avslutta. |
| | 05.11.09 | Tilsyn med behandling med legemidlar utan eige samtykke – Jæren DPS. Ved tilsynet blei det påpeikt tre avvik. På grunnlag av tilbakemeldingar frå Jæren DPS har Helsetilsynet |

| | | | |
|--|----------|--|------------------------|
| | | vurdert dei tiltaka som er sett i verk som tilstrekkelege, og tilsynet er med det avslutta. | |
| Arbeidstilsynet | 29.09.09 | Helse Stavanger. Vedtak om pålegg – "God vakt!". Ubalanse mellom oppgåver og ressursar. Svar på søknad om utsetting av tidsfristar. Tidsfristane blir nå som følgjer: <ul style="list-style-type: none"> - frist for innsending av tidsfesta handlingsplan er 01.03.10 - frist for innsending av oversikt over tiltak som er sett i verk og tidsramme for tiltaka er 01.07.10 - frist for innsending av evalueringsrapportar blir sett til 01.10.10, 15.01.11 og 01.05.11 | |
| | 02.10.09 | Helse Fonna. Vedtak om pålegg. Forholdet mellom oppgåver og ressursar. Det blir vist til varsel om pålegg først sendt ut 23.06.09. her blei det gitt frist til å kome med eventuelle kommentarar. Det er ikkje motteke kommentarar innan fristen, og Arbeidstilsynet vurderer derfor at grunnlaget for pålegg framleis er tilstede. Det er gitt pålegg om <ul style="list-style-type: none"> - tidsfesta handlingsplan innan 01.12.09 - iverksetting av tiltak innan 01.03.10 - evaluering av tiltak innan 01.07.10, 01.10.10 og 31.12.10 | |
| Datatisynet | | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. | |
| Statens strålevern | | Det er ikkje registrert nye saker i perioden. | |
| Klagenemnda for offentlige anskaffingar | 14.06.09 | Helse Bergen HF. Saka gjeld ein open anbuds konkurranse for kjøp av pasienttransport. Klager hevder at Helse Bergen har endra konkurransegrunnlaget vesentleg etter utløp av tilbudsfristen, og at dette prinsipielt skulle medføre ein rett og plikt til å avlyse konkurransen, subsidiært ein plikt til å utsette konkurransen i 14 dagar slik at alle tilbydarane fikk moglegheit til å ta omsyn til endringane. Klager er Taxi 1 AS. | Avgjer føreligg ikkje. |
| | 22.10.09 | Helse Fonna HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling om levering av ambulansetjeneste, sjuketransport og skyss av helsepersonell i Sunnhordalandsbassenget. Klager hevder at innklaga har brote plikta til å innhente opplysingar om samansetting av tilbodet før tilbodet blei avvist som unormalt lågt. Innklaga skal også ha brote plikta til å gjere ein etterfølgjande kontroll av dei forklaringar som klagar kunne ha gitt. Utan desse feila | Avgjer føreligg ikkje. |

| | | | |
|--------------------------|--|--|------------------------|
| | | ville klagar ha blitt tildelt kontrakten. Klager: Hjartøy Båtservice AS. | |
| | 28.10.09 | Helse Fonna HF. Saka gjeld konkurranse med forhandling om levering av ambulansébåtteneste, sjuketransport og skyss av helsepersonell i Sunnhordalandsbassenget. Det blir hevda at det ikkje er gitt tilstrekkeleg grunngjeving for tildelinga. I tillegg er det hevda at unnlating av å leggje fram evalueringsskjema og poenggiving før kontrakt blei inngått er i strid med krav om etterprøving. Vidare er det peikt på at det er gjort ein rekke feil ved evalueringa av tildelingskriteriet "tenesta sitt faglege innhald", og at tildelingskriteriet "Pris og kostnadar" har fått mindre vekt enn oppgitt i konkurransegrunnlaget. Til sist er det hevda at kontrakten si lengde på 5 år er i strid med regleverket. | Avgjer føreligg ikkje. |
| Sivilombudsmannen | Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden. | | |